

Årsplan barnehageåret 2026 - 2027

Solvang barnehage



Innhald

Styrar har ordet.....	3
Presentasjon av barnehagen.....	4
Visjon for barnehagen	5
Barnehagen sitt verdigrunnlag.....	5
Satsingsområde for barnehagen 2024	7
Fagområder frå rammeplanen til barnehage.....	7
Medverknad.....	8
Barn.....	8
Foreldresamarbeid	9
Tidleg innsats	10
Overgangar.....	11
Når barnet startar i barnehagen	11
Overgangar i barnehagen	11
Overgang mellom barnehage og skule.....	11
Samarbeid	12
Samarbeid internt i barnehagen	12
Samarbeid med eksterne instansar.....	12
Vurdering.....	13
Kontaktinformasjon.....	14

Styrar har ordet



Solvang barnehage si historie går heilt tilbake til 1968. Sunnfjord folkehøgskule hadde då Sosiallinje som etterkvart vart så stor at den måtte delast i to. Fleire av desse elevane hadde stor interesse av å arbeide med born. Difor vart den eine delen av Sosiallinja ei Barnehagelinje. Dei hadde open barnehage i Haavetun med barn frå nabolaget 2 dagar i veka.

I dag er Solvang barnehage ein 4 avdelings barnehage med born i alderen 0-6 år. Mykje har endra seg gjennom tidene, men det som alltid har vore i fokus er at alt arbeid som vert gjort skal vere til barnet sitt beste. Omsorg, lek og læring er 3 nøkkelord som har vore med barnehagen i alle år.

Solvang barnehage er opptatt av å ha eit personale som til ei kvar tid er fagleg oppdatert og har kunnskap om barn sine behov og utviklingstrinn. Barnehageåret 2026 – 2027 har vi 7 pedagogar og 7 fagarbeidarar i våre faste stillingar. I tillegg har vi fleire gode assistentar og to lærlingar i barne-og ungdomsarbeidarfaget.

Mottoet vårt er: «Eg blir til meg i møte med deg!». Alle barn og foreldre som kjem til Solvang barnehage skal oppleve å bli sett og føle tilhøyrrighet! Vårt mål er at barna, tilsette og de som foreldre skal føle at de er ein del av noko større.

Iløpet av ein «barnehagekarriere» er eit barn i gjennomsnitt i barnehagen cirka 6000 timar. Vi i Solvang barnehage skal gjere vårt ytterste for at barna her hos oss har det best mogleg iløpet av heile sin barnehageperiode. Tusen takk for at vi får passe det mest dyrbare de har! Vi ser fram til godt samarbeid med fokus på barnet sitt beste!

Hjartleg Hjartleg velkommen til oss i Solvang familien!

Odd-Ingar Brevik
 styrar
 Solvang barnehage

Eg blir til meg i møte med deg

Presentasjon av barnehagen

- ❖ Solvang barnehage har eit godt utdanna personale. Barnehageåret 2026 – 2027 har vi 7 pedagogar og 7 fagarbeidar i dei faste stillingsheimlane.
- ❖ Solvang barnehage er ein privat fulltidsbarnehage med fire avdelingar fordelt på to etasjar.
- ❖ I sokkeletasjen har vi to småbarnsavdelingar. Der er barna 1 og 2 år. Dei har eigen leikeplass tilrettelagt for dei minste.
- ❖ Hovudetasjen har inngang på bakkeplan mot vest. Det er to avdelingar med barn frå 2-6 år, og eigen leikeplass. I tillegg er styrar sitt kontor i denne etasjen.
- ❖ Eigar av barnehagen er Sunnfjord folkehøgskule og barnehagen ligg på skulen sitt område.
- ❖ Vi har tilgang til skulen sin gymsal, dansesal, fotballbane og disponerer deira minibussar for eventuelle utflukter.
- ❖ Området ved barnehagen har lite trafikk og ligg nært grøntområde og skogen. Barnehagen har eigen naturleikeplass med gapahuk og vi har vår eigen lavvo i skogen.
- ❖ Solvang barnehage ligg som navnet tilseier i eit solrikt område. Barnehagen har sol heile året.



Ei gruppe barn på tur til naturleikeplassen

Visjon for barnehagen

Kvaliteten oppstår i "møtet"

- mellom barn,
- mellom personalet og barnet
- mellom personalet og foreldra

Barnehagen sitt verdigrunnlag

1. Alle barn skal få høyre noko positivt om seg sjølv kvar dag

- Dagleglivet i barnehagen skal vere prega av samvær som inneber at personalet til ei kvar tid lyttar til, støttar og utfordrar barna

2. Vi skal møte alle barn og foreldre med respekt og forståing

- For at barn skal kunne medverke, må det vere god kommunikasjon mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra
- Personalet har ansvar for å gje foreldra nødvendig informasjon om og grunngjeving for barnehage verksemda og invitere til medverknad
- Personalet må arbeide for å finne balansen mellom respekt for foreldra sine prioriteringar og det å ta vare på rettane til barna og dei grunnleggjande fellesverdiane som barnehagen byggjer på.
- Personalet i barnehagen må kunne grunngi verdimesseige standpunkt knytte til oppseding ovanfor både seg sjølve og foreldra
- Å møte foreldre frå ulike kulturar, både innafør det norske samfunn og frå andre land, krev respekt, vilje til å lytte og innsikt. Det krev at personalet er beviste og tydelege i yrkesrolla og trygge på sin eigen kompetanse.

3. Det einskilde barnet skal oppleve at det har plass i fellesskapet

- Personalet skal rettleie barn i deira veksling mellom samfunnets normer og sosiale krav og eigen veremåte
- Personalet har ansvar for at alle barn uavhengig av funksjonsnivå, alder, kjønn og familiebakgrunn, får oppleve at dei sjølve og alle i gruppa er viktige personar i fellesskapet
- Personalet skal hjelpe barna til å forstå at eigne handlingar kan gå utover andre. Ikkje alle haldningar er akseptable.

4. Barnehagen skal vere ein stad der barna leiker, lærer og får omsorg

- Personalet må vere tydelege modellar og bevisste på sitt eige kulturelle og verdimesseige ståstad
- Vi vaksne har omsorgsforplikting det vil seie at vi må vere lydhøyre, vise nærleik, innleving og evne til samspel
- Personalet må vere tilgjengeleg for barn, ved å støtte, inspirere og oppmuntre barn i deira leik
- Personalet i barnehagen må ha eit aktivt forhold til barns læreprosessar

Eg blir til meg i møte med deg

5. Personalet skal vere lydhøre overfor barna sine behov i alle situasjonar

- Personalet må reflektere over sine eigne haldningar og kva samfunnet forventar av gutar og jenter
- Eit aktivt og tydeleg personale er nødvendig for å skape eit varmt og inkluderande miljø
- Personalet må lytte og prøve å tolke kroppsspråket og vere oppservant i forhold til haldningar, det estetiske uttrykket og etter kvart òg det verbale språket
- Personalet må vere opne for å reflektere over eigne holdningar og handlingar

6. Barnehagen skal skape gode rammer der barna får oppleve meistring

- Personalet må medverke til at individualiteten til kvart enkelt barn og behovet for sjølvutfolding kan skje innafor trygge rammer og normene og reglane i fellesskapet

7. Møte mellom personalet og barna må føre til at dei vert trygge i barnehagen

- Personalet er rollemodellar og har dermed eit særleg ansvar for at verdigrunnlaget til barnehagen blir etterlevd i praksis. Refleksjon over eigne verdiar og handlingar bør inngå i dei pedagogiske drøftingane til personalet
- Personalet må møte barn på ein måte som formidlar respekt og aksept, tillit og tiltru. Synet på barn og barndom får konsekvensar for korleis personalet forstår medverknaden til barn
- Barna må erfare tydelege og ansvarsfulle vaksne som tek omsyn til heile gruppa



Songleikar i dansesalen

Satsingsområde for barnehagen

Fagområda frå rammeplanen



Rammeplanen er dei tilsette i barnehagen sitt viktigaste arbeidsdokument. I barnehagen arbeider ein til ei kvar tid med dei 7 fagområda frå rammeplanen. Iløpet av ein «barnehagekarriere» skal ein vere innom alle fagområda. Les meir om dei 7 fagområda i rammeplanen som ein finn link til på heimesida vår: www.solvangbhq.no

Solvang barnehage har 2 hovudsatsingsområde.

Tur og friluftsliv

Solvang barnehage har ekstra fokus på tur og friluftsliv. Vi har fleire tilsette med ekstra utdanning innan friluftsliv. Naturen kan brukast til alt. Barna får mellom anna på tur i naturen oppleve turfellesskap, motorisk utvikling, meistring og forhåpentlegvis ønske om å ta vare på naturen. Naturen gir barnehagen gode moglegheiter for å arbeide med alle dei 7 fagområda. Naturen er unik.

Utvida kristen formålsparagraf

Det vil mellom anna seie at vi brukar enkle bibelforteljingar og kristne sanger i det pedagogiske arbeidet på avdelingane på lik linje med andre historier/forteljingar og songar. Til dømes om vi har miljøvern som tema kan vi bruke historia om «skapinga» frå Bibelen for å formidle at vi må ta vare på jorda og det vi har fått. Har vi tema om kjensler kan vi bruke Bibelforteljinga om «Den bortkomne sau» og gjetaren som vart så redd og lei seg når han oppdaga at den eine sau» hans var borte, og kor glad han vart når han fann sau»en igjen. Her får vi og fram at sjølv om gjetaren hadde mange sauer såg han òg den som forsvann som enkeltindivid – ikkje berre som ein del av den store flokken.

Eg blir til meg i møte med deg

Medverknad

Barn sin medverknad

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. barnehagelova §§ 1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1. Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen. Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna. Også dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for kva dei synest om sine egne vilkår. Barnehagen må observere og følge opp dei ulike uttrykka og behova til alle barn. Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta. (Rammeplanen 2017:s.27).

Barn sin medverknad tyder at barna i fellesskap med andre barn og vaksne skal få vere med å planlegge og vurdere barnehagekvardagen.

Dei tilsette i Solvang barnehage skal til ei kvar tid tilstrebe å arbeide slik at:

- Barna skal få oppleve at dei er med å påverke eigen kvardag.
- Barna skal verte tekne med på råd, planlegging og vurdering.
- Barna skal bli møtt av vaksne som er opne for barn sine innspel, og vise evne til å lese og tolke barna sine signal.
- Barna skal ha rett til å utfalde seg sjølv, men samtidig lære å ta del i fellesskapet.



Samling på småbarnsavdeling

Eg blir til meg i møte med deg

Foreldre sin medverknad

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1. Nemningane «hjemmet» og «foreldrene» omfattar òg andre føresette. Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf. barnehagelova §§ 1 og 4. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet. På individnivå skal barnehagen leggje til rette for at foreldra og barnehagen med jamne mellomrom kan utveksle observasjonar og vurderingar knytte til helsa, trivselen, erfaringane, utviklinga og læringa til det enkelte barnet. Barnehagen skal grunngi vurderingane sine overfor foreldra og ta omsyn til kva foreldra meiner. Samarbeidet skal sikre at foreldra får medverke til den individuelle tilrettelegginga av tilbodet. Både foreldra og personalet må ta inn over seg at barnehagen har eit samfunnsmandat og eit verdigrunnlag som det er barnehagen si oppgåve å forvalte. Barnehagen må arbeide for at barnet ikkje skal komme i lojalitetskonflikt mellom heimen og barnehagen. (Rammeplanen 2017:s.29-30).

Solvang barnehage sitt mål er eit samarbeid med foreldra der ein alltid har barnet sin trivsel og utvikling i hovudfokus. Foreldra skal ha moglegheit til å vere med å påverke opphaldet til egne barn, den daglege drifta, samt innhaldet i barnehagen.

Solvang barnehage har desse møteplassane for foreldre:

- Samarbeidsutvalet – dette består av ein forelder frå kvar avdeling, to personale og ein eigarrepresentant. Det er val av samarbeidsutval ein gong i året. Dette utvalet er bindeledd mellom foreldre, dei tilsette og eigar av barnehagen. Det er 2 møter i året i samarbeidsutvalet.
- Foreldremøte – arrangert av barnehagen ein gong i året
- Foreldresamtaler – inntil to gangar i året. Ein samtale om hausten, og ein samtale om våren. Vi tilbyr alltid fleire samtalar ved behov.
- Daglig kontakt i bringe – og hentesituasjonen.
- Solvang barnehage gjennomfører brukarundersøking kvart andre år. I denne undersøkinga skal foreldra evaluere tilbodet dei har i barnehagen.
- Sosiale samankomstar som til dømes påskefrukost, barnehagedagen, sommarfest og Solidaritetskafe. Dette er treffpunkt som er særleg viktige for barna. Barna likar å vise fram barnehagen sin, og kva dei gjer i det daglege.

Tidleg innsats


Målet med tidleg innsats er: vi skal gje borna tidleg hjelp og støtte. Dette er i tråd med Sunnfjord kommune si satsing på «Tidleg innsats til det beste for barna»

Alle dei tilsette i Solvang barnehage har vore gjennom prosjektet inkluderande barnehagemiljø. Mot slutten av dette prosjektet måtte alle tilsette skrive oppgåve rundt temaet, og alle bestod denne prøva. Målet med prosjektet var å lære oss arbeidsmetodar for kva vi skal gjere om eit barn føler at det ikkje har eit inkluderande barnehagemiljø. Andre observasjonsskjema som vert nytta for å kvalitetssikre utviklinga til barnet er mellom anna TRAS. Dette er eit skjema der ein mellom anna kartlegg språk, motorikk og sosial kompetanse hos den enkelte barnet.

Vi har denne målsetninga:

«I vår barnehage arbeider vi kontinuerleg og systematisk med å fremje eit trygt og inkluderande barnehagemiljø, og med å oppdage, undersøkje og førebyggje alle former for krenkingar. Vi stoppar krenkingar og føl opp med eigna tiltak heilt til borna opplever at dei har eit trygt og inkluderande miljø.».

Vi har rutiner for korleis vi skal agere om vi opplever uro for eit barn sin trivsel og utvikling. Vi nyttar håndboka for tidleg innsats, og BTI modellen som ein finn på Sunnfjord kommune sine heimesider. Link til desse to modellane finn ein og på heimesida til barnehagen: www.solvangbhg.no



Om foreldre vert uroa for eit barn er første steg å ta kontakt med pedagogisk leiar på avdelinga. Pedagogisk leiar spør då om løyve til å drøfte uroa med dei andre tilsette på avdelinga. I etterkant set ein då ilag med foreldra opp eigna tiltak. Om uroa fortset går ein vidare med uroa jmf. dei ulike fasane i håndboka for tidleg innsats.

Overgangar

Når barnet startar i barnehagen

Besøksdag:

Etter at barnet har fått plass i barnehagen inviterer barnehagen til ein besøksdag for barnet og foreldra. Barnet og foreldra får sjå avdelinga barnet skal gå på, og treffe personale som arbeider der. Her har de høve til å fortelje om barnet, stille spørsmål om barnehagen og planlegge oppstarten. Barnehagen deler ut informasjon om barnehagen sine rutiner og planar. Om det lar seg gjere avsluttar ein med eit måltid saman med dei andre barna på avdelinga. Denne besøksdagen er ofte i mai måned.

Tilvenning dei første dagane:

Vi tek utgangspunkt i minimum 3 dagars tilvenningsperiode, der barnet har far eller mor like i nærleiken eller lett tilgjengeleg. På førehand er det vanskeleg å vite kor lang tid det vil ta. Det varierer frå barn til barn kva tid han/ho er trygg nok til å sleppe far/mor. Vi anbefalar alltid å setje av god tid til tilvenning.

Foreldre har frå dei fleste arbeidgivarar rett på inntil 3 dagar velferdspermisjon med/utan løn, for tilvenning i barnehagen(høyr med arbeidsgjevar).

Når barnet skal starte på stor avdeling

Barna som skal starte på stor avdeling startar der ved oppstart nytt barnehageår. Vi legg opp til at barnet i forkant får besøke avdelinga fleire gonger og bli kjent med barna og dei tilsette på avdelinga det skal begynne på. Pedagogisk leiar på ny avdeling deltek anten på siste foreldresamtale på småbarnsavdeling, eller gir foreldre tilbod om ein oppstartssamtale

Det hender at vi flytter barn frå småbarn tidlegare om ein ser barnet vil ha bedre utvikling om det startar tidlegare på stor avdeling. Barn kan og bli flytta mellom dei store avdelingane, på grunn av trivsel og samansetninga av gruppa. Dette blir drøfta med foreldre. Alt som vert gjort med eventuelt flytting skal ha bakgrunn i barnet sitt beste.

Overgang mellom barnehage og skule

Solvang barnehage har tett samarbeid med skulen det enkelte barn skal starte på. Ved siste foreldresamtale før barnet tek til på skulen, går ein gjennom barnet sin trivsel og utvikling frå barnehagen og forventningar til skulestart. Desse opplysningane blir ført i eige skjema og overført til skulen ilag med TRAS – skjema. Opplysningar til skulen vert kun gitt om foreldre samtykker. Barnehagen og skulen har samarbeidsmøte kvart år der ein går gjennom korleis ein skal få til ei best mogleg overføring frå barnehage til skule.

Barna i barnehagen vert invitert på besøksdag til skulen der personale frå barnehagen føl barna. I tillegg inviterer skulen til besøksdag der foreldra er med.

Om ein ser barn har ekstra behov for skulebesøk tilrettelegg både barnehagen og skulen for dette.

Eg blir til meg i møte med deg

Samarbeid

Samarbeid internt i barnehagen

Alle tilsette i Solvang barnehage tilhører «eit team». Dei overordna planane arbeider vi ut på tvers av avdelingar gjennom felles arbeid på personalmøter og planleggingsdagar. Dei pedagogiske leiarane har møter der ein laga mål og planar for at barna i Solvang barnehage skal ha det best mogleg tida dei er i barnehagen. Vårt mål er at alt arbeid som vert gjort i barnehagen skal vere til barnet sitt beste.

Ressursteam

Barnehagen har sitt eige ressursteam. Her tek vi mellom anna opp saker som vedkjem enkeltbarn der utviklinga eller trivsel kan vere avvikande, eller ei barnegruppe vi observerer at ikkje er heilt vellfungerande. Om enkeltbarn skal opp i ressursteam vil alltid foreldre verte informert på førehand.

Samarbeid med eksterne instansar

PPT – Pedagogisk psykologisk tenestekontor og kompetanseteam

PPT er ein av våre nærmaste samarbeidspartnarar. Dei som arbeider på PPT har ekstra utdanning i spesialpedagogikk og kan hjelpe oss tilsette i barnehagen, og foreldre dersom vi er uroa for utviklinga til eit barn.

PPT har i 2026 og 2027 faste utedagar i barnehagane. Dei kjem då ut og rettleier oss i personale om vi er uroa for enkeltbarn eller ei gruppe med barn. PPT vil aldri rettleie/samarbeide med oss med enkeltbarn utan samtykke frå foreldre.

Logoped er og tilknytta PPT. Logoped kjem å hjelp oss i barnehagen om vi er uroa for talespråket til eit barn. Her vil det heller aldri bli arbeidd utan samtykke frå foreldre.

Helsestasjon og barnevern

Barnehagen har ved behov samarbeid med helsestasjon og barnevern. Det er ofte då helsestasjon etter at dei har fått løyve frå foreldre som tek kontakt med oss. Vi samarbeider då tverrfagleg for å kunne gje barnet best mogleg utvikling.

BTI

Betre tverrfagleg innsats skal sikra at barn og unge får den oppfølginga og hjelpa dei treng gjennom eit samarbeid mellom familien og kommunen. Årsaka til oppfølging kan vere av ulik grad, men arbeidet med å komme fram til ei løysing skal vere lik. Sunnfjord kommune brukar difor samhandlingsmodellen BTI i sitt arbeid.

Vurdering og dokumentering

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen (Rammeplanen 2017:s.38).


Foreldre i Solvang barnehage skal få innsikt i barna sin barnehagekvardag. Dokumentasjon er ein viktig del av arbeidet i barnehagen.

Barnehagen dokumenterer mellom anna gjennom:

- Bilete av barna sine aktivitetar. Dette kan vere alt frå kvardagslege ting til spesielle milepælar for barna.
- Praksisforteljingar ein skriv ned når ein er saman med barna.
- Barneteikningar der vi undrar oss saman med barna.
- Avdelingane legg ut fast vekerapport med tekst og bilete på MyKid. Her kan ein lese og sjå kva barna har opplevd gjennom veka i Solvang barnehage.

Dokumentasjon og refleksjon rundt dokumentasjonen er og viktig for å kunne vurdere barna sin trivsel og utvikling. Og for å utvikle barnehagen sin pedagogiske praksis og styrke personalet sin kompetanse i møte med barna.





Solvang Barnehage

Solvang 17

6810 Førde

Tlf: 950 10 350

e-post: solvang.barnehage@gmail.com

Heimeside: www.solvangbhg.no

Eg blir til meg i møte med deg